



## Referat frå møte i SU 23.04.2025

**Møtte:** Siren L. Clausen, Linda Sæterlid, Marianne Rosenvold, Ann Elin Street, Tonje K. Åsebø, Morten W. Birkelund og Ragnhild K. Magerøy. Elevrepresentantane blei ikkje kalla inn til dette møte.

**Meldt avbod:** Ingvild Skår

### Agenda:

#### 1. Skule: Økonomisituasjon vår 2025

Konsekvensar frå februar. For oss på skulen medfører det kutt i vikarbruk og lokal innkjøpsstopp. Overforbruk medfører tiltak internt for å rette opp budsjettet påfølgande månad. Avlysing av ulike tiltak som vi har gjort tidlegare år som kveldsmat for skulestartarar og overnatting for 4. klasseklubb i SFO. FAU har denne våren støtta med utstyr både til SFO og skule denne våren. Kulturskulen gjev tilbod om ekstra dansekurs for 3. trinn i SFO.

#### 2. Skule: Orientering om ressursar for komande skuleår

Nedgang i elevtal og lågare forelingsnøkkel i høve spesialundervisning medfører at ressursen for komande skuleår vert lågare enn inneverande skuleår.

Programmet til MOT for 1. til 4. klasse, Super, kan ikkje startast slik tenkt til hausten.

TL blei kontakta for oppseiing for å spare pengar, men det viste seg at dette må gjerast innan 6 månader før det skal stoppast, så TL vert med vidare.

Skulen har renoverte lokale og uteområde, noko som er positivt.

Vi må vere kreative og sjå løysingar i skulekvardagen, sjølv om økonomien er stram.

#### 3. Skule: Forslag om redusert opningstid i ferie-SFO

Ut frå statistikk i ferie-SFO er det avgrensa bruk ved start og slutt på dagen. Mogeleg å starte dagen kl. 07.15 stenge kl. 16.15. Forslag om vedtak som trer i kraft i samband med ferie-SFO i haustferien om FAU kjem med innspel om at det kan vere aktuelt etter møtet første måndag i mai. Nestleiar formulerer ei tekst som vert lagt ut på FAU sine fora, der føresette kan kome med innspel til forslaget.

#### 4. Skule: Markering Helsefremjande skule på den nasjonale SFO-dagen

Markering ved prosjektgruppa ved opphenging av skilt om at skulen er ein helsefremjande skule. Markeringa vert i SFO-tida med prosjektgruppa, representant frå oppvekst og reporter for innlegg på kommunen sine SoMe.

Foldnes skule 23.04.2025

Ragnhild Knudsen Magerøy  
referent